



Nissedal kommune



**Uprioriterte tiltak/
Alternative innsparingstiltak
Budsjett/økonomiplan 2021 – 2024**

Jf. formannskapet sitt framlegg

Innhold:

1. Innsparingstiltak	s. 3
1.1 Heile kommunen	s. 3
1.2 Felles/Næring	s. 4
1.3 Eining for oppvekst og kultur.....	s. 8
1.4 Eining for velferd	s. 11
1.5 Eining for teknisk drift	s. 13
1.6 Plan	s. 14
2. Uprioriterte tiltak	s. 14
2.1 Felles/Næring	s. 14
2.2 Eining for oppvekst og kultur.....	s. 15
2.3 Eining for velferd	s. 17
2.4 Eining for teknisk drift	s. 21

1. Innsparingstiltak:

1.1 Heile kommunen

Innleiingsvis går ein gjennom tiltak som ikkje kan knytast til eit rammeområde, eller som gjeld heile kommunen/alle rammområda sett under eit.

Generelt driftskutt - "Ostehøvel":

I større kommunar vert ofte endringar i driftsnivå gjort ved rammeendringar for dei ulike driftseiningane, utan å knytte dei til spesifikke tiltak. I eit driftsbudsjett av Nissedal sin storleik er det meir naturleg å knytte endringane i ramme til kva tiltak dette gjeld. Då vert det ingen overrasking for kommunestyret kva konsekvensen av budsjettvedtaket gir. Det har til tider vore nytta generelt driftskutt også i Nissedal for å oppnå balanse i driftsbudsjettet. Her kan ein tenke seg ulike fordelingsnøklar, prosentvis etter brutto/netto rammer, lønsutgifter eller ei subjektiv vurdering av driftsrammene til dei ulike einingane. Om ei la til grunn netto driftsrammer ville 1% kutt svare til ei innsparing på rundt 1,25 mill.

Konsekvens:

På dei områda som har mykje inntekter/ekstern finansiering blir utslaga ekstra store, slik at belastninga einingane i mellom kan opplevast forskjellig. Men den største innvendinga mot denne måten å få budsjettbalanse på er at vedtakande organ for budsjett ikkje ser, eller kan vite, konsekvensane av sitt eige vedtak. Ein overlet då til administrasjonen å omsetje reduksjon av driftsramme til reduksjon i tenestnivå. I dette ligg då å gjere prioriteringar som normalt bør ligge til dei som vedtek budsjettet.

Auke av eigedomsskatt:

Kommunen har i 2020 hatt differensiert skattesats. Hus/hytter (bygg med eigen bustaddel) har i 2020 hatt eigen sats på 2,86%. Normalsatsen er 7%, som då gjeld for alle andre bygg/eigedomar. Dette vil seie verk/bruk (inkl. kraftverk), næringsbygg og andre bygg vert skattlagt med høgaste sats, 7%. Her er det med andre ord ikkje noko inntekspotensiale/høve ti å auke. På hus/hytter står ein fritt til å velje sats mellom 1 -4% frå 2021. I budsjettframlegget for 2021 er det lagt til grunn ei inntekt på 6,1 mill. på hus/hytter, som bygger på ein skattesats på 2,86%. Ved å auke promillesats med 0,5% til 3,36% t.d., vil dette auke inntektene med omlag 1,1 mill. Ved å auke til 4% i skattesats vil auke inntektene med 2,4 mill.

Konsekvens:

Innføring av eigedomsskatt på det nivået ein har valt, synast å ha blitt akseptert. Men ei auke av skattenivå kan sjølvsagt verke inn på denne haldninga blant publikum. Ein auke på 0,5% vil seie at ei hus/hytte med ein takst på 1 mill. får auka sin årlege eigedomsskatt frå kr 2.000 til kr 2.250. Ved å heve til 4% vil skatten for ei hus/hytte med takst på 1 mill. bli kr 2.800.

Utnytte reglar om minste tillatte avdrag på lån:

I budsjettet for 2020 blei det vedteke å utsetje/reducere avdrag med 1,9 mill. Jf. note i budsjetttdokument med berekning av minste tillatte avdrag syner dette at budsjetterte avdrag er omlag 0,5 mill. høgare enn minimumsavdrag.

Konsekvens:

Det å legge seg heilt ned mote grensa for minste tillatte avdrag gjør til at ved endra føresetnader kan bli tvungen til å betale meir i avdrag ved oppgjer av rekneskapen. Det vil og gjere til at ein må vurdere nye investeringsprosjekt opp mot desse reglane. I tillegg kjem sjølvsagt og at lengre nedbetalingstid av lån gir høgare rentekostnad totalt sett.

1.2 Felles/Næring:

Redusere møtegodtgjering i kommunestyret:

Møtegodtgjering utgjør kr 200.000,- inkl. arb.g.avg. Satsen for møtegodtgjering kan reduserast. Kostnad møtegodtgjering er kr 1.858,- pr. møte (kr 1680 inkl. avg.). Ved å gå ned til t.d. kr 300,- pr. møte ville ein spare om lag kr 165.000,-.

Konsekvens:

Økonomiske motiv er vel ikkje bakgrunnen for å taka på seg eit politisk verv. Men å forsterke inntrykket av at godtgjeringa er av symbolsk karakter kan innverke på motivasjon i høve til kontinuitet og rekruttering for politisk arbeid.

Redusere talet på kommunestyremøte:

Redusere talet på møter med ville gje ei innsparing på om lag kr 23.000,- pr. møte.

Konsekvens:

Redusere talet på møter vil truleg føre til lengre møter. Møta er i dag på ei lengde som må seiast å vere opp mot "kapasitetsgrensa". Skulle ein redusere talet på møter, måtte dette henge saman med ei gjennomgang av delegeringsreglementet, slik at talet på saker til behandling blei redusert. Men tida på sakshandsaming på saker som må til politisk handsaming ville uansett auke, då tida mellom kvart møte blir lengre.

Redusere talet på kommunestyrerepresentantar:

Kommunen kan gå ned på repr. til 11. Innsparing kr 140.000,-. Vil berre vere aktuelt å endre i forkant av ny kommunestyreperiode.

Konsekvens:

Reduksjon av talet på representantar vil "smalne" representasjonen i kommunestyret, i høve til parti, kjønn, alder, grender m.m. Talet på kommunestyrerepresentantar blei vurdert våren 2018 og det blei då fatta vedtak om å oppretthalde 17 repr. Ikke aktuelt før neste periode.

Redusere godtgjersle til formannskapet og andre med fast godtgjering:

Fast godtgjering til formannskapsmedlemer (5% av ordførar utgjør kr 53.000 pr. medlem x 3) kr 159.000,-, 10% til varaordførar kr 103.000,- møtegodtgjering kr 1.858,- til varamedlemer, (alle tal inkl. arbeidsgjevaravgift/pensjonsutg.). Halvering av desse godtgjerslene ville gje ei innsparing på om lag kr 135.000,-

Konsekvens:

Å sitje i formannskapet er eit tungt politisk verv. Reduksjon av godtgjersla og/eller refusjon av tapt arbeidsforteneste kan innverke på motivasjon i høve til kontinuitet og rekruttering for politisk arbeid.

Reduksjon av godtgjering ordførar:

Ordførar i 100% kostnad kr 1.050.000 (inkl. sos. utg.). Dette jf. vedteke reglement som seiar at ordførar skal ha 85% av ein stortingsrepresentant si godtgjering. Ved å redusere godtgjersla til 80% av ein stortingsrepresentant si godtgjering gir dette ei innsparing på kr 60.000. Ved å redusere godtgjersle/frikjøp for ordførarvervet med 20% til 80% "stilling" ville dette gje ei innsparing på kr 210.000.

Konsekvens:

Eventuelle endringar i stillings-% ordførar bør gjerast før oppstart av ein periode. Dersom ein ikkje vidareførar frikjøp i 100%, kan dette i større grad resultere i nedgang i inntekt for ordførar i høve til tidlegare stilling. då det kan vere problem å kombinere ordførarvervet med ei anna deltidstilling. Det kan vere vanskeleg å "dele" opp opphavleg stilling. Ordførarvervet stiller i stor grad krav om å vere tilgjengeleg gjennom heile veka.

Opplæringstiltak – Avsett pott heile kommunen:

Det er i budsjettet avsett kr 300.000 til fordeling av opplæringsmedel. Det er ikkje alltid organisasjonen kan vise akkurat kor mykje midlar som går til opplæring og kompetanseutvikling, sidan mykje av midlane går til vikarutgifter for at tilsette skal kunne delta på kurs. Det er i dag AMU som fordelar opplæringsmidlane. Etter arbeidsmiljøloven ligg det til AMU å fordele midlar til HMS-opplæring, men det kan vere aktuelt å organisere bruken av resten av opplæringsmidlane på andre måtar enn i dag. Målet med dette må i så fall vere å gjere meir effektiv fordeling og oppfølging av midlane. Det er viktig at det er rom for både etter- og vidareutdanning i alle delar av organisasjonen. Det er likevel mogleg å redusere ramma. Ein kan stryke denne posten og seie at all kompetanseheving skal dekkast over rammer til einingane (vil vere ein form for "oste-høvel).

Konsekvens:

I 2014 blei dei mellombels kutta heilt. Dette gav mange negative utslag i høve til kompetanseutviklinga. Sidan kompetanseutvikling er ei investering i framtidig utføring av kommunen sine oppgåver, kan reduserte midlar til opplæring i dag lett føre til auka kostnader på grunn av lite effektiv eller hensiktsmessig drift i morgon. Det ligg i tillegg mykje motivasjon i kompetanseutvikling, og mange tilsette kan bli mindre motiverte av at dei ikkje får den kompetanseutviklinga dei har behov for i jobben sin.

Pott til fellestiltak:

I framlegg til budsjett er denne potten forslått vidareført med kr 500.000. Denne kan setjast til 0. Store delar av formåla denne potten vert nytta til er samanfallande med kva næringsfondsmedel vert nytta til. Ein kunne derfor nytte næringsfondet til å finansiere delar av formålet som pott til fellestiltak har vore nytta til.

Konsekvens:

Dette reduserer det handlingsrommet som nå finnast til å imøtekome ulike søknader om stønad til ulike gode tiltak. Det kan nok og finnast oppfatningar blant publikum om at ein slik pott låg til grunn som ein føresetnad ved innføring/utviding av eigedomskatten.

Dersom ein nytta næringsfondsmedel som finansiering (delvis av) denne potten ville handlingsrommet innan næring bli tilsvarende redusert. Truleg ville dette gå på bekostning av pott for næringstilskot.

Redusere overføring til Fellesrådet:

Overføring til Fellesrådet er 2,2 mill. Overføring til Fellesrådet er ei rammeløyving. Det er ikkje så aktuelt å vurdere enkelttiltak her. Eventuelle kutt her må bli ved eit rammekutt. Eit rammekutt på 2% ville utgjere kr 44.000 for fellesrådet og tilsvarende innsparing for kommunen.

Konsekvens:

Store delar av budsjettet til fellesrådet er løn og lønsrelaterte kostnader. Andre store utgiftspostar er straum og forsikring som ein gjer alt ein kan for å halde så låge som mogeleg. Einaste løysing er reduksjon av stillingar. Dette vil truleg føre til redusert antal gudstenester og andre tilbod. Det vil bli endå vanskelegare å take vare på dei store kulturskattane som kyrkjene våre representerer.

Overføring til frivilligsentralen:

Frivilligsentral er ikkje lovpålagt. Frå 2021 blir statstilskot til frivilligsentral utbetalt som eit særstilskot. Kommunen bidrar i tillegg med eit kommunalt tilskot på kr 240.000. Dette kan då strykast/trekkast inn. Ein slik endring vil nok vere urimeleg å vedta allereie for koamde budsjettår, men ville kunne gje reduksjon av utgifter frå 2022 på kr 240.000.

Konsekvens:

Reduksjon av overføring på kring ein 1/3 vil gje dramatisk utslag i aktivitetsnivået til frivilligsentralen. Det vil nok bli nærast umogleg å oppretthalde dagleg leiar i full stilling. Bortfall av kommunalt tilskot vil nok fort leie til at sentralen ville bli lagt ned.

Ikkje ta inn lærlingar:

I budsjettet er det ein utgift knyt til lærling på kr 350.000. Ved å slutte å gje tilbod til lærlingar kan dette omdisponerast.

Konsekvens:

Ei satsing på lærlingar gjerast både for å ta eit samfunnsansvar for opplæringa, sikre tilflytting/tilbakeflytting og for å sikre eiga rekruttering på arbeidsområde som vi reknar med vil vekse i åra framover. Kommunen betalar ein lærling berre for den tida han eller ho yter verdiskaping i kommunen, og det blir gitt dels stønad for den opplæringa vi gir.

Legge til grunn at lærlingar inngår i verdiskapinga:

I dag går lærlingar fullt ut på «toppen» av ordinær bemanning. Dersom ein la til grunn at lærlingar utgjer ein ressurs i høve til verdiskaping og at dei kan redusere behovet for vikar/overtid ville dette gje ei innsparing totalt sett. Ved å sette dette til halvparten av lønskostnaden til ein lærling ville dette utgjere ei innsparing på kr 175.000.

Konsekvens:

På mindre avdelingar vil det vere vanskelig å klare å oppnå ein effekt i innsparing tilsvarande halvparten av lønskostnaden til ein lærling. Det er og stor variasjon i effektivitet/nytte ei avdeling har av ein lærling. I dei høve der lærlingen ligg i nedste del av skalaen i høve til nytte/effektivitet vil det vere vanskelig å hente ut ein effekt i høve til vikarbruk/overtid.

Redusere kommunalt næringsarbeid:

Løn til 80% næringskonsulent/reiseliv/turisme utgjer kr 635.000 i lønsmedel. Dette omfattar og diverse driftsutgifter knytt til næringsarbeidet i kommunen. (annonser, køyring, bevertning m.m.) Området er finansiert med kraftfondsmedel. Halvere stillinga (d.v.s. til 40%) til næringskonsulent/reiseliv vil gje ei innsparing på kr 317.000. Kan omdisponere kraftfondsmedel til finansiering av andre formål tilsvarande.

Konsekvens:

Erfaring etter at stillinga som næringskonsulent, sjølv etter utviding med 10% i 2016, er at behovet overstig dei avsette ressursane. Ved ein reduksjon av denne stillinga ville mange oppgåver bli uløyste. Aktiviteten innan næringsarbeid/reiseliv ville i liten grad kunne overtakast av andre i organisasjonen og arbeidet innan desse områda ville i stor grad bli lagt "brakk".

Redusere pott for næringsstøtte:

I budsjett for 2020 er det avsett (politisk/administrativt), kr 406.000 til næringsstøtte. I tillegg overføring til Telemarksvegen (kr 30.000) og overføring til friluftsrådet sør (kr 15.000). Total bruk av næringsfondsmedel er kr 451.000. Bruk av næringsfondsmedel er avgrensa gjennom vedtektene kva dei kan nyttast til. Dei er i mindre grad mogleg å nytte desse til "intern" bruk, enn t.d. kraftfondsmedel, som det er noko friare bruk av. Men næringsfondet kan nyttast til å finansiere delar av kommunal drift. Ved å redusere pott for næringsstøtte med 25% frigjer dette om lag kr 100.000.

Konsekvens:

Dette gir tilsvarande reduksjon i kva som vil bli gitt i næringsstøtte til etablering og utvikling av lokalt næringsliv. Kva konsekvens dette faktisk gir i høve til aktiviteten på dette området er sjølv sagt vanskeleg å vere konkret på.

Redusere omfanget på turistinformasjonen:

Det er inngått avtale med ein næringsdrivande fram til 2023, om drifting av turistinformasjonen. Avtala har ei oppseiingstid på 6 mnd. Avtalen har ei økonomisk ramme på kr 130.000. Ved å halvere omfanget, etter utløp av avtalen, evt. sei opp avtala kan det gje ei innsparing på kr 65.000.

Konsekvens:

Ved å ta bort eller redusere opningstidene på turistinformasjonen vil dette truleg påverke talet på turistar som stansar i sentrum, og nyttar seg av dei ulike tilboda som finnast i kommunen. Dette gjeld vel både reiselivsverksemdar og det øvrige næringsliv. Ved å redusere omfanget kan det og verke inn på interessa for ein næringsdrivande til å ta på seg oppdraget.

Redusere profileringstiltak:

Det er avsett kr 247.000 til Visit Telemark/ulike profileringstiltak. (fin. med næringsfondsmedel). Dette går til deltaking i ulike turistbrosjyrar og andre tiltak, først og fremst relatert mot reiseliv. Noko er bunde opp i avtaler, men på sikt kan det meste avviklast og gje ei innsparing på kr 247.000.

Konsekvens:

Dersom heile potten blir fjerna vil ikkje Nissedal figurere i noko turistbrosjyre og vil i turistsamanheng framstå meir eller mindre usynleg.

Avvikle ordninga med lønstilskot sommarjobb for ungdom:

Lønstilskot vert gitt med kr 35 pr. time i inntil 150 timar. Totalt kostar dette tiltaket om lag kr 40.000. Finansierte med næringsfondsmedel. Kan avvikle denne ordninga omdisponere næringsfondsmedel og spare kr 40.000.

Konsekvens:

Ved t.d. redusere maksimum timar ned til 100 timar. Frigjer ein om lag kr 20.000. Tilskotet ville bli mindre pr. ungdom. Ville kanskje gjere til at færre arbeidsgjevarar nytta seg av ordninga og færre ungdomar får sommarjobb.

1.3 Eining for oppvekst og kultur

Skuleekskursjonar:

Om ein tek vekk deltaking i Tine-stafetten, skidagar til Gautefall, felles møte mellom alle elevane i Nissedalsskulen etc., kan ein spare noko, anslagsvis kr 40.000.

Konsekvens:

- Mindre variert fysisk aktivitet
- Færre avbrekk – dagar elevane ser fram til.
- Ein får ikkje høve til å gjennomføre "Plan for overgangar".
Den inneber at alle elevane i ved skulane i Nissedal møtast nokre gonger i året for felles arrangement og undervisning.
- Mindre bruk av nærmiljøet
- Redusert lokalkunnskap

Legge ned SFO ved Kyrkjebygda oppvekstsenter:

Ved å legge ned SFO ved Kyrkjebygda oppvekstsenter vil ein spare kr 200 000,- hausten 2021 og kr 470 000 heilår frå 2022. Desse tala gjeld bare dersom ein kan kutte heile budsjettet. Dette er truleg ikkje realistisk. Driftskostnadane per barn må følgje til ny SFO, samt at ein må ta høgde for at assistent/fagarbeidarressursar kan/må styrkast ved ny SFO. Samtidig må ein ikkje sjå bort frå at mange av familiane ikkje vil nytte seg av eit SFO-tilbod i Treungen, og dermed vil innsparingstala vere reelle. Dette vil ein først sjå når eit eventuelt kutt i tilbod er gjennomført.

Konsekvens:

Dette vil gje eit svekka tilbod til familiane som har elevane ved Kyrkjebygda SFO. Det vil opplevast for mange som eit "ikkje-tilbod" å gje dette tilbodet ved SFO på Tveit. Hausten 2020 er det mellom 12-17 barn på SFO kvar dag.

Legge ned SFO- tilbodet i Felle barnehage:

Innsparing stipulera til: kr. 100 000,-

Kommunestyret vedtok i møte 28.4.2016 at det skal vera SFO tilbod på Felle i samarbeid med Felle barnehage. Dette barnehageåret er det to barn som nyttar tilbodet. Dette utgjer ca 23 % stilling. Kommunen er lovpålagt å ha eit sfo-tilbod i kommunen for barn i 1-4 klasse. Det er foreldre som sjølv må bringe og hente barna til dette tilbodet.

Konsekvens:

Det er ikkje lovpålagt å ha SFO på kvar skule. (*jf. Opplæringslova §13-7 – 1. ledd: Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn*). Det er heller ikkje lovpålagt å syte for SFO skyss. Ved å legge ned SFO-tilbodet på Felle må føresette bringe og hente ungane sine sjølv. Føresette som har lang pendleveg til jobb, og i tillegg må bruke inntil to timar for å bringe born til/frå SFO vil få svært lange dagar.

Legge ned kantina ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Kantinedrifta er eit ikkje-lovpålagt tilbod ved skulen. Ved å stanse kantinedrifta kan vi kutte ein 38% stilling som kokk ved skulen, Dette vil gje ei sparing på omlag 200 000 kroner årleg og 90 000 kr hausten 2020. Kantinekortet «Nissedalskortet» har ei årleg kostnad på 12000 kr som ein vil kunne spare frå 2021.

Konsekvens:

Kantina er eit viktig tilbod i skulen, på tre viktige områder:

- 1) Ernæring: Det er ikkje alle som har med mat heimanfrå, men som gjennom kantina får kjøpt eit rimeleg måltid med næringsrik mat 3 dagar i veka.
- 2) Sosialt: Kantina fungerer som ein sosial møteplass for elevane. Kokken vår har eit stort hjarte for elevane, og gjer kantina til ein trygg og varm stad å vere. Det er mykje omsorg i mat, og dei som stadig ikkje har høve til å kjøpe får gjerne eit lite måltid innimellom. To gonger i året har vi gratis måltid til alle frå 5.-10. klasse: Påskelunsj på våren og jolegraut i desember.
- 3) Alternativ arena: Det er alltid elevar med i kantina, som er medhjelparar. Dette er tilbod til elevar som treng ein alternativ arena i kvardagen, og som gjer skuledagen betre for desse som treng det.

I tillegg bør det nemnas personalmessige aspektet ved eit slikt tiltak. Det er ikkje mange år sidan kantina blei lagt ned og starta opp på nytt att. Det vil opplevast som svært ustabil og dårleg personalforvaltning å rokke ved denne stillinga på ny.

Miljøterapeut

Miljøterapeut er ikkje lovpålagt i skulen. Ved å fjerne miljøterapeutstillinga vil det vere ein innsparing på omlag kr 450 000 årleg, kr 200 000 frå hausten 2021.

Konsekvens:

Dette er eit svært lite ynskjeleg tiltak, då skulen og føresette opplever dette som ein svært viktig ressurs både i førebygging og handling. MOT-prosjektet er også drive av miljøterapeuten. Det er likevel sett inn som eit mogleg tiltak på grunn av at det ikkje er lovpålagt.

Legge ned barnehagen på Felle

Felle barnehage har i år 8 barn. Prognoser syner at dette talet raskt vil minke. I 2020 er det til dømes fødd 1 barn på Felle, mot 5 på Fjone der barnetalet er aukande.

Barnehagelova §12a, 3. ledd seier at barn har rett på barnehageplass i den kommunen der det er busett. Treungen barnehage vil, ved å auke med ein pedagogstilling, ha kapasitet til å ta mot barna frå Felle. Dersom man overfører ein pedagogstilling fra Felle til Treungen for å ivareta det auka behovet, kan ein likevel estimere ei innsparing på 2 millionar kroner årleg. Innsparing på teknisk med reinhald og vedlikehald kjem i tillegg.

Konsekvens:

- For småbarnsfamiliane på Felle vil kvardagen bli vanskeleg utan eit lokalt barnehagetilbod. Nå som Haugsjåsund barnehage er nedlagt, vil Treungen barnehage bli det næraste tilbodet. For familiar som pendlar til Gjerstad og Åmli, er det ikkje eit godt barnehagetilbod å måtte køyre til Treungen både for levering og henting.
- Barnehagelova §8 2. ledd seier mellom anna at barnehagenes utbyggingsmønster i kommunen skal tilpassast lokale forhold og behov. Denne formuleringa opnar for ei skjønsmessig vurdering.
- Dei kommunale vedtektene seier at ei skal vurdere barnehagedrifta om det er under 6 barn. For komande barnehageår er det framleis over dette talet på Felle.
- SFO på Felle er knytt til barnehagedrifta. Ved nedlegginga av barnehagen, forsvinn også SFO-tilbodet på Felle. Dette vil bety utfordringar for barnefamiliar med behov for eit SFO-tilbod på lik line med det som er sagt over ang. kvardagskabalena.

Redusere åpningstida i barnehagane:

Innsparing: kr 150 000,- . Barnehagane har ei opningstid på 9,5 timar pr. dag.

Ved å redusere opningstida til å gjelde 8,5 timar pr. dag vil kommunen likevel oppretthalde eit heildagstilbod til brukarane.

Heildagstilbod = 41 timar eller meir pr. veke.

Konsekvens:

Ved å redusere på opningstidene vil tilbudet bli lite fleksibelt. Det er lange avstandar i kommunen, og mange har lang kjøreveg til arbeidsplassen sin.

Ved å redusere opningstidene i barnehagen vil mange få utfordringar med å nytte barnehagetilbod i nærmiljøet sitt.

Kutte kulturmidlar og prosjektmidlar til lag og organisasjonar:

Kutte tilbudet om støtte til drift og prosjekt for lag og organisasjonar i kommunen. Årleg deler eining for kultur ut kr 61.000,- til dette.

Konsekvens:

Sjølv om støtta frå kommunen er liten, så er det mange lag i kommunen som er avhengige av inntekta frå kommunen.

Avvikle tilbod om kino:

Bygdekinoen har eit budsjett på kr 64.000,-, der det meste av dette går til løn. Det er kino i Fleirbrukshuset to gonger i månaden og det er bygdekinoen som viser film. Bygdekinoen har lagt om til digital framsyning og vi får eit utval av dei nyaste filmene, tidleg. Kinoen har hatt ei auke i besøkstal sidan kinoen vart flytta til Fleirbrukshuset. Om ein legg ned tilbudet om bygdekino, vil det gje ei årleg innsparing på 64.000,-

Konsekvens:

Kino i Fleirbrukshuset har blitt eit svært populært tilbod, noko mange gleder seg til. Dette er eit tilbod mange vil sakne om det forsvann. Næraste kinoar er Arendal, Porsgrunn/Skien og Seljord.

1.4 Eining for velferd

Legge ned lågterskeltilbudet, Fredagsgruppa på Mila aktivitetssenter:

Tilbudet på Mila annankvar fredag er eit lågterskeltilbud. Det vil sei at ein treng ingen henvisning for å ta kontakt og hjelp. Fredagsgruppa starta opp i 1999 og har 20 års drift. Totalt har 44 personar nytta dette tilbudet. 28 personar har nytta tilbudet fast over mange år. Fredagsgruppa har gitt desse personane og deira familiar ein betre kvardag. Tilbudet blei frå 2020 redusert frå kvar fredag til annankvar fredag. Det er i dag 10 brukarar av tilbudet.

Legge ned Fredagsgruppa vil gje ei innsparing på kr 55.000,-

1 tilsett har med 10% stilling må avviklast for å få økonomisk effekt.

Konsekvens:

Det kan bli meir naudsynt med hjelp i frå spesialisthelsetenesta og meir bruk av kommunal psykisk helseteneste. Over tid har ein sett at samling av personar med psykiske vanskar/utfordringar har hatt stor nytteverdi for både den enkelte brukar og tenesta. Fleire av brukarane vil miste sitt einaste tilbod.

Redusere/ legge ned dagsenteret på Mila aktivitetssenter:

Mila aktivitetssenter gir tenester etter vedtak til vaksne personar med funksjonsnedsetjing, som treng kommunalt tilbod på dagsenter. 13 personar har tildela denne tenesta etter Helse- og omsorgstenestelova.

Mila aktivitetssenter gir tilbod om vidaregåande opplæring, språkpraksis, arbeidsutprøving/trening, arbeid med bistand, utplassering frå Tveit skule, sal av plassar, dagleg tilsyn, drift og utleie/lån av huset.

- Redusere aktiviteten på dagsenteret til 3 dagar i veka, kan gje ei innsparing på kr 115.000. Ein må då redusere bemanninga med 20% stilling, som må avviklast for å få økonomisk effekt.
- Legge ned dagsenteret alle 4 dagane i veka kan gje ei innsparing på kr 915.000,- Det er lønsutgifter til ei tilsett i 80% og 20% stilling, som må avviklast for å få økonomisk effekt og driftsutgifter. Dersom ein legger ned Mila aktivitetssenter vil eininga for teknisk få innsparing til drift av bygning.

Konsekvens:

Målet til Mila aktivitetssenter er å bidra til at alle som nyttar tilbudet får ein aktiv og meningsfylt kvardag i eit sosialt fellesskap. Helse- og omsorgstenestelova §1.1. gir brukargruppa som nyttar dagsenteret, rett til denne tenesta. Eit redusert tilbod vil føre til færre aktivitetstilbod, mindre moglegheiter for brukarane og redusert moglegheit til å utvikle Mila aktivitetssenter vidare. I dag har tenestemottakarane vedtak om 4 dagars dagtilbod med tilrettelagt arbeid. Vert dagsenter tilbudet redusert/ lagt ned må ein finne andre alternative aktivitetstilbod for å ivareta lovverket. Ein må finne andre alternativ til aktivitetar og eigna lokalar tilpassa ny drift. Ein kan ikkje på noverande tidspunkt vite kor stort innsparingspotensiale denne reduksjonen/nedlegginga vil gje, sidan brukarane har ein lovfesta rett til denne tenesta. Eininga for helse og habilitering vil få ei auke i tenesta innan psykisk helse og ved Kåsa bu og avlasting, då brukarane vil oppleve eit dårlegare tilbod.

Brukarane av tenesta vil få ein dårligare livskvalitet, då Mila er ein kjent og trygg plass, som gir eit godt tilbod til alle som oppheld seg der. Ein har sett effektane av nedstenging av dagsenteret under Korona tida no, og det har ikkje vore positivt. Brukarane vert meir urolige og utålmodige og det kan føre til ugreie situasjonar som reduserer livskvaliteten til brukarane og vil kunne krevje meir personale,

Slutte med turnuslege:

Innsparingspotensiale: Lønsumgifter minus tilskot og eigenandelar/refusjon. Lønsumgifter minus statstilskot utgjer kr 420.000. Ein sum opp mot dette er ikkje utenkelig at ein turnuslege kan ta inn i eigeandelar/refusjon. Dermed er potensialet til innsparing avgrensa, dersom turnuslegane er normalt «produktive».

Konsekvens;

Moglegheit for fagleg oppdatering med nye ting som turnuslegane ber med seg i form av ny kunnskap, fell bort. Det er turnuslegen som er kommunens representant i legevaktsamarbeidet og gjer at dei faste legane slepp denne belastninga. Dersom turnuslegen forsvinn, vert denne belastninga overført til legane som er tilsett i dag, med moglegheit for at legane seier opp i Nissedal. Å rekruttere nye legar til små kommunar i Vest-Telemark har vist seg svært vanskeleg i nærliggande kommunar, som t.d. i Kviteseid og Fyresdal. Ein effekt av at turnuslegar har vore i Nissedal kan være eit pluss i rekrutteringssamanheng dersom vi treng å rekruttere legar i kommunen.

Reduksjon av tilsette på kjøkkenet frå 2 til 1 person i vekene:

Personalet på kjøkkenet har to tilsette på dagtid kvar dag i vekedagane. I helgene er det berre ein tilsett på jobb. Ved å redusere aktiviteten på kjøkkenet, og i tillegg gå over til meir ferdigprodusert mat, kan man mogligvis gå ned til grunnbemanning på 1 person kvar dag, og vil kunne spare inn 60% stilling her.

Innsparing 60% stilling her vil bli ca. Kr. 300.000,-

Sjølv om innsparinga i utgangspunktet kunne vært ei 100% stilling, er ikkje dette mogleg, Avdelingsleiar på serviceavdelinga har pr. i dag ingen dedikert administrasjonsressurs og hentar ut si administrasjonstid i dagens bemanningsituasjon. Dersom reduksjonen vert vedteke må avdelingsleiar få tilført ein ressurs på 20% av innsparinga på personell til administrasjon. I tillegg må det være 2 personar på kjøkkenet på fredag for å tilrettelegge middagar i helga. Difor vert innsparinga berre på 60% stilling.

Konsekvens:

Sal av middagar frå kjøkkenet på NOS vil bli sterkt redusert og berre dei som har store behov vil kunne få kjøpe middag. Dette fordi kapasiteten til å lage ekstra middag, pakke porsjonane og ikkje minst tida til administrasjon av dette fell bort.

Kjøkkenet må slutte å bake brød og kaker og må kjøpe inn ferdig produkt. Dette vil og gjelde annen mat, der ein må kjøpe inn meir halvfabrikat eller ferdigproduserte varer som vil kunne gå utover kvalitet og smak på maten. Slik mat er og dyrare i innkjøp.

Moglegheit til å produsere tilpassa mat, vil bli sterkt redusert, slik at dei som frå før slit med å få i seg mat ikkje kan dra fordelar av denne moglegheita.

Fagmiljøet på kjøkkenet vert redusert og det kan bli vanskeleg å behalde og rekruttere kvalifiserte tilsette. Kapasitet utover vanleg drift vert umogleg, dvs at tenkte tiltak i framtida ifht ny kvalitetsreform «Leve heile livet» må skrinleggast. Tilsette på kjøkkenet må kanskje og jobbe annan kvar helg dersom innsparinga vert ein realitet. Elles vert stillingane særdeles små.

Vil også føre til oppseing av personale.

1.5 Eining for Teknisk drift:

Fjerne tilskot til privat veg:

Innsparing ca. kr 267.000,- Kommunen gjev eit vedlikehaldstilskot på kr 12 pr. m til private vegar lengre enn 500m. I alt er det 16 vegar med i ordninga og veglengdene varierer frå 400m til 5400m.

Konsekvens:

Vil gje ein ekstrabelastning for dei som bur i utkantane i kommunen. Tilskotet har ikkje vore justera på fleire år og er lågare enn samanliknbare kommunar. Kan gjennomførast på kort varsel.

Leggje ned kommunal drift av Fjoneferja:

Innsparing ca. kr 200.000. Kommunen sin kostnad er eit driftstilskot på kr 120.000 samt div. forsikringar, kontrollar og større vedlikehaldsjobbar. Ferja er etter oppussing våren 2015 i brukbar stand, men ein har i 2020 hatt ein del reparasjonar som står for store delar av driftskostnadane. Alder på ferja tilseier at det kan kome kostbare reparasjonar på motor og drivverk. I tillegg er det fleire kostbare kontrollar som må gjennomførast kvart år som følge av krav i regelverk for drift av ferjer.

Konsekvens:

Vil gje ein ekstrabelastning for dei som bur på Fjone. Vil vere svært negativt for turistnæringa, spesielt på Fjone. Men kommunen bør prøve å få fylkeskommunen til å overta drifta av ferja ettersom det er fylkesveg på begge sider av sundet. Eventuelt kan kommunen prøve og selje ferja til private aktørar, men har då inga påverknad på ferjetider og prisar.

Privatisere kommunale vegar der det ikkje ligger kommunale VA-leidningar:

Innsparing ca. kr 350.000,-. Gjeld Skokedalsfjellet-Skåli på Felle, Fjone-Fjalestad på Fjone, Nordbygda i Nissedal. Solås-Tveit i Treungen, Heimdalsvegen. Vegar med kommunale leidningar kan også leggest ned dersom ein greier å framforhandle rettar til drift og vedlikehald av leidningsnett. Dette er truleg ikkje lett løysbart.

Konsekvens:

Vegane vert ført tilbake til oppsittarane. Dette har vore prøvd gjennomført tidlegare. Krev ein lengre prosess og avklaringar med oppsittarar. Vil truleg ta 1 til 2 år frå vedtak er gjort til privatisering er gjennomført. Kan vanskeleg gjennomførast saman med fjerning av tilskot til privat veg.

Vedlikehald av idrettsanlegga:

Anlegga overførast til idrettslaga, innsparing ca. kr 50.000,- Kommunens drift går på grasklypping, vatning og anna vedlikehald på fotballbanane for Nissedal og Treungen idrettslag.

Konsekvens:

Idrettslaga får auka sine utgifter tilsvarande eller må høgne sin dugnadsinnsats.

Stenging av bassenget:

Eininga har ansvar for drift av symjebassenget i fleirbrukshuset. Det er dyrt å drifte eit slik basseng. Men normale straumprisar reknar ein med at det kostar mellom 80-100.000 å drifte bassenget med alle utgifter i månaden. Bassenget er i dag oppe ca. 6 månader (frå veke 42-15. april) om ein stenger det heilt vil ein kunne spare opp mot 600 000 i året. Ein annan moglegheit er å ha kortare sesong, da vil ein kunne spare inn delar av beløpet samtidig som ein klarer å oppretthalde tilbodet om bading.

Konsekvens:

Bading er eit populært aktivitetstilbod til lokalbefolkning og hytteturistar vinterstid og det er eit viktig tilbod til barn og unge i forbindelse med symjeopplæring i skulen. Bassenget nyttast også mykje av personer som har nedsett funksjonsevne som eit viktig ledd i trening/opptrening. Om ein stenger ned bassenget heilt vil desse aktivitetane forsvinne heilt ettersom ein ikkje har andre tilbod som kan erstatte dette.

1.6 Plan:

Auke gebyrinntektene innanfor sjølvkostområda:

Sidan arbeidet både med kart/oppmåling og byggesaksbehandlinga er underlagt sjølvkost-prinsippet, er det eit mål å ha full inndecking på desse områda. I 2019 var dekningsgraden for oppmåling 72,6 %, medan den for byggesak var 104,9 %. For 2020 ser dekningsgraden ut til å bli noko mindre. Eventuelle overskot (dvs over 100%) vil kunne gå til å dekke inn tidlegare års framført underskot (Saldo sum siste 5 år; oppmåling -791618, byggesak -217708). Det vil bare vere om dekningsgraden over tid blir liggande under 100 % at det ligg eit innsparingspotensiale ved ein betydeleg gebyrauke her. Skulle dette derimot bli ein permanent situasjon, må kommunen også sjå på utgiftssida, dvs årsverkkforbruket på desse områda. Koronasituasjonen har gjort utviklinga framover om mogleg endå meir usikker med omsyn til aktivitetsnivået.

Konsekvens:

Inntektsauke på sjølvkostområde som går med 100 % inndecking kan ikkje kome kommunen til gode, og må setjast på fond. Men inndecking av tidlegare års underdekning (innafor 5-årsgrensa) vil gje eit positivt bidrag til totalresultatet for kommunen.

2. Uprioriterte tiltak:

2.1 Felles/Næring:

Lærling:

Kommunen har i dag 2 lærlingeplassar. Dette er meir enn "normen" i høve til folketal. Det dukkar til tider opp spørsmål om vi kan ta imot lærlingar der vi ikkje er istand til å ta imot på bakgrunn av at dei 2 plassane vi har er oppfylt. Spørsmål kan kome både frå lokale ungdomar og utanbygds. Ei auke i lærlingeplassar kan knytast opp til samfunnsansvaret i høve til å gje ungdom ein fagutdanning og kan vere ei god kanal til å rekruttere fagutdanna tilsette. I tillegg kan dette og sjåast i samanheng med folketalutvikling. Ein lærlingplass kostar omlag kr 170.000.

Lønstilskot sommarjobb ungdom:

Kommunen gir kr 35 i timen i tilskot for sommarjobb til ungdom mellom 16-18 år. Denne summen har ikkje blitt endra på svært mange år. Ved å auke denne til kr 50 vil det seie å auke utgifta til denne ordninga med omlag kr 17.000 (er finansiert med næringsfond. Må derfor finne andre tiltak som kan finansierast med næringsfond om dette skal gje ei innsparing).

2.2 Eining for oppvekst og kultur:

Auke logopedressurs

Nissedal kommune har i dag ein logopedressurs på 27%. Denne skal rekke til alle behov både i barnehage, skule og blant vaksne. Det er stadig fleire som får sakkunnig vurdering frå PPT der logopedhjelp er tilrådd. Logopeden skal i tillegg drive førebyggjande i barnehagane og i småskulane. Slik det er i dag har ikkje logopeden kapasitet til å innfri alle vedtak, og vi må leige inn hjelp utanfrå i store saker. Ein bør auke logopedressursen til 50%, ikkje minst med tanke på rekruttering når noverande logoped går av med pensjon i nær framtid.

Kostnad på å auke logopedressursen med 23%: Omlag 150 000 kr årleg

Bytte ut ein stor del av lærebøkane vi nyttar i skulane i dag

Skulane har til dels utgåtte og utslitte læreverk, og har avventa innføring av ny læreplan før utbytting. Ny læreplan har tredd i kraft august 2020, og vi vil i løpet av 2021 ha behov for å fornye store delar av læreverka. Ein faktor på 1500,- per elev vil gje denne kostnadsberekninga:

Kyrkjebygda (31 elevar)	47 000 kr
Tveit/Nissedal (161 elevar)	241 000 kr
<u>Totalt</u>	<u>288 000 kr</u>

Nye bord og stolar til gymsal/tilstelningar ved Kyrkjebygda oppvekstsenter

Det er ønskje om å kjøpe inn 15 bord og 80 stolar til slikt bruk. Kostnad: 90.000,-

Auke styrarstillingane i dei små barnehagane

Styrarstillingane i dei små barnehagane ligg på lågast mogleg nivå etter lovverket, 35% (40% i Kyrkjebygda). Det er sterkt behov for å auke desse til opp mot 50%.

Det har auka kraftig med tilsette i små stillingar, dermed har kvar styrar mange fleire tilsette å ha ansvar for med oppfølging, medarbeidersamtalar osv.

Det er større ansvar og fleire oppgåver knytta til opplæring av nye tilsette.

Det er større og fleire oppgåver for styraren knytt til koronasituasjonen, og mange av tiltaka som nå er sett i verk. Styraren har også det pedagogiske ansvaret på avdelinga og har mindre plantid. Dette også som rekruttering og for å behalde styrarane.

Dersom kvar styrar i dei tre mindre barnehagane får auka styrarressursen med 10%, utgjir det 30% auke, årleg kostnad omlag 210 000 kr.

Oppgradering i Treungen barnehage

Det er behov for oppussing på «storesida» i Treungen barnehage, samt eit søppelskur og oppbevaringsbod utanfor. Det som er i dag er svært forfallen og ber preg av mange års bruk. Kjøkkenet er gammalt og nedslitt, med synlege teikn på alderdom. Dette er ikkje berre eit spørsmål om estetikk og fysisk miljø for barn og tilsette, men også ei kjend utfordring ved eit eventuelt besøk frå mattilsynet. Slitte overflater gir utfordringar med reinhald.

Kostnad ved dette tiltaket er ikkje berekna.

Oppretting av SFO på Fjone

Eit foreldrepar på Fjone har kontakta kommunen med spørsmål om oppretting av SFO på Fjone. Dette for å få kvardagen til å gå opp då deira barn etter kvart skal starte på skulen i Treungen. Det er problematisk for familien, og etterkvart fleire familiar, på Fjone at bussen til Treungen går etter at dei har reist på jobb, og kjem heim før dei er heime frå jobb. Dei ber om å få ha opphald i barnehagen på Fjone i tida fram til bussen går og frå bussen kjem att, til foreldra kan hente.

Ein kan stipulere omlag lik kostnad som ved SFO-ordninga i Felle barnehage, 100 000 kr årleg.

Vidareutvikling av Treungenbanen tur-og sykkelveg

Sykkelvegen har vore ein svært vellukka satsing og har hatt rekordstor bruk i sommar.

Det viser seg at sykkelvegen har manglar, som ein ynskjer å jobbe med å få løyst, slik at den blir tryggare og betre for alle aldersgrupper. Utfordringar er at tur-og sykkelvegen må ut på RV på dela av strekninga, det er behov for meir skilting, det er ikkje raste plassar og det er for dårlege toalettforhold. Dette er det mogleg å søkje om støtte til gjennom miljødirektoratet, og ein ynskjer å søkje på midlar for 2021. Ved ein eventuell kommunal andel inn i prosjektet, ynskjer ein å fremje ei politisk sak på ein eventuell kostnad kring dette. Det vert og jobba med Statens vegvesen for å sjå på om dei kan bidra til trafikktryggleik på strekninga. Om ein skulle få bidrag/støtte til vidare arbeid frå SVV, kan det og innebere ein kommunal eigenandel.

Prosjektstilling.

Tilsette ein person for å søkje på midlar og koordinere søknadar inn mot større utviklingsprosjekt. Stillinga bør finansierast av søkte midlar. Satsingsområde for stillinga bør vere kultur og naturbasert næringsutvikling, med fokus på utvikling av Nissedal som klatredestinasjon med å realisere klatrehall på Sommarsletta og å legge til rette for klatring i naturen, utvikle Treungen sentrum som ein universelt utforma og attraksjon med Nisser, gangbru og Sommarsletta som ramme, vidareutvikle tur og sykkelvegen på Lina og legge til rette for miljøvenleg og skånsom bruk av Jettegrytene.

Desse tiltaka har det blitt jobba med i studier laga av FAUN, Feste og John Sanden og har desse studiene som grunnlag for vidare søknadar.

Finansiering: Stillinga vert finansiert med søkte midlar, men kommunen garanterer løn i 40% stilling i 3 år.

Aktivitetsbru i Treungen sentrum:

Det vert jobba med å realisere ei aktivitetsbru i Treungen sentrum. Målsettinga med brua er å skape aktivitet, koble saman sentrum og Sommarsletta og å lege til rette for ein sikker veg for mjuke trafikantar. No er Treungen bru trafikkfarleg for mjuke trafikantar og ein flaskehals for trafikken på RV 41. Om ein skulle finne finansiering, vil det kome ein politisk sak på eventuell kommunal eigenandel.

Garantimidlar/pott til arrangement:

Det er behov for ein eigen pott til arrangement på Fleirbrukshuset. Budsjettet, slik det ligg no, gjev ikkje rom for større arrangement. Om ein ynskjer kulturkveldar og andre arrangement på eit litt høgare nivå, er det behov for ei ramme for dette. Ein vil sjølvstilt jobbe med å gjennomføre arrangement, men ein har ikkje råd til å ta risiko. Slik det er no, må alle arrangement stå seg økonomisk med ei lita kommunal ramme og billettinntekt. For å kunne gje eit breitt tilbod og å kunne produsere nokon framsyningar sjølve, som kulturkveld, bør ein ha ein pott til dette. Anten ved ei eingongsløyving i ein pott, eller som ei varig auke i budsjettet. I 2021 er det utdeling av kulturpris og kulturkveld haust 2021. Det bør settast av midlar til dette, då det ikkje har stått seg økonomisk dei siste åra det har vore arrangert. Kostnad: 50.000,-

Auke i stilling, biblioteksjef:

Nissedal folkebibliotek har dei siste åra opplevd ei stor auke i utlån, det er også ei stor auke i aktivitet og formidling av litteratur. For aktivt å kunne vere med på prosjekt, og halde fram å utvikle Nissedal folkebibliotek til eit godt bibliotek i tråd med den nye biblioteklova som seier at biblioteket skal vere ein aktiv kulturformidlar og ein møteplass for tanke og diskusjon, bør stillingsstorleiken aukast. Ein ser at biblioteksjefstillinga i Nissedal treng å aukast frå 48% til 68%, då vil ein kunne imøtekomme eit aukande behov, vere meir aktiv inn mot barmehage, skule og andre for stimulering til lesing, delta i utviklingsprosjekt og vere ein møtestad i kommunen. Nissedal folkebibliotek er det minste biblioteket i ressurs i Telemark. Kostnad: Auke med 20% stilling 140.000,-

Fast laurdagsope ungdomsklubb:

Det har vore noko utfordring i ungdomsmiljøet med alkoholbruk. Som eit tiltak mot dette, vart det oppretta laurdagsope ungdomsklubb i samarbeid med kyrkja (som har hatt 3 nattkafear vår og haust) for at ungdommen kunne ha ein fast, stabil og rusfri møtestad. Dette har ungdommen sett pris på, og brukt tilbodet. Det har gjennomsnittleg vore 25-30 ungdom på laurdagane. Å ha dette som fast tilbod, vil styrke det førebyggjande arbeidet inn mot ungdom i kommunen, og trygge ungdomstida.

Kostnad: 140.000

Utvida kulturskule:

Nissedal kommunale kulturskule har til saman, med lærarar og rektor, 135% stilling, fordelt på rektor og lærarar som underviser i song, gitar, bass, piano, teater/kunstfag og band. I tillegg har kulturskulen kulturskuletimen på småtrinnet, eit gratis lågterskeltilbod for barn i småtrinnet på skulane i kommunen. På ordinære undervisningstimar er det 52 plassar i kulturskulen. Det har dei siste åra vore stor søknad på kulturskulen, og ventelister. Med det nye tilbodet om støtte frå kontingentskassa, er det no fleire born som kan søkje, men vi har dessverre ikkje nok plassar til dei som søker. Kulturskulen er ein svært god integrerings- og meistringsarena og det hadde vore fint å kunne tilby alle som ynskjer det, plass i kulturskulen. Kostnad 30% stilling: kr. 220.000

2.3 Eining for velferd

Oppussing av lokala helseavdelinga:

Helseavdelinga sett under eit, har eit behov for ei større oppgradering. Lokala er ikkje godt tilpassa eller egna til dagens krav og bruk. Fysioterapi lokala har areal som er svært lite egna til trening og tilfredsstillar ikkje tilpassingar for rullestolbrukarar. Dei er vanskelege å reinhalde og er i tillegg slitte, mørke og stygge. Kostnad på tiltaket er ikkje berekna.

Innføring av Mobil Omsorg på Kåsa bu- og avlastning:

Ta i bruk eksisterande teknologi for oppgåvefordeling og rapportering i fagsystem.

Kostnad:

Utstyr Kr. 30.000,-

Opplæring Kr. 20.000,-

Totalt Kr. 50.000,-

Topptur Nissedal:

Dette er eit flott folkehelseiltak. «Topptur» prosjektet kostar omlag kr 60.000,-

Dette prosjektet ligg ikkje i ramma for eininga. Tidlegare vert prosjektet finansiert av folkehelsemidlar, desse midlane vart nytta i sin heilhet i 2018. Utgiftene er knytt til design, t-skjorter og reklame. Vi samarbeider på tvers av einingane og med lag og organisasjonar for å «drifte» dette prosjektet. Det har vore viktig at dette har vore eit gratistilbod, som kjem både kommunen sine faste innbyggjarar og turistar til gode. (finne ekstern finansiering).

Det har ikkje vore mogleg å finne midlar til dette i 2020, men Ca kr. 50000,- er funne eige budsjett pga andre uforutsette forhold. Dette har vist seg å ha vore eit populært tiltak, og eit godt slag for folkehelsa i kommunen. Er vanskeleg å få tilskot til og bør innarbeidast i budsjettet for 2021. Kostnad Kr. 60.000,-

Ergoterapeut:

Frå 2020 vert det lovpålagt med ergoterapeut i kommunen. Ein ser på moglege samarbeidsformer i Vest-Telemark. Ergoterapeut er ein beskytta tittel og dette er ein kompetanse som gjer at kommunen kan få til ein betre og meir kreativ bruk av hjelpemidlar, slik at personar kan bu lengre heime med mindre hjelp. Det nyttar ikkje å seie at vi har ein fysioterapeut som kan gjere noko av desse oppgåvene, då kravet om ergoterapeut er det som er gjeldande. Realistisk å tenke 20-40% stilling. Kostnad Kr.130 – 260.000,-

Velferdsteknologi:

Velferdsteknologi er ei satsing frå regjeringa si side, og inneber at alle kommunar skal kunne tilby dette som eit supplement til tenestane ein serverar i dag innan 2020.

Velferdsteknologi er forskjellige teknologiske løysningar som førar til auka tryggleik, meistring og sjølvstende hos brukarane. Ein kan nemne tryggleiksalarman vi har i dag i kommunen som ein enkel form for velferdsteknologi. Ein tenkar at i framtida vil denne kunne utviklast til å omfatte røykvarslar, medisineringsstøtte, E-lås og andre tenkelege ting, som kan varsle eit mottaksapparat om nokon treng hjelp eller støtte for å klare seg. Her kan også pårørande være ein tenkeleg ressurs i mottakssløyfa. Vi har i 2019 skifta ut alle tryggleiksalarmane i kommunen, slik at alle er digitale og kan koplust på forskjellig utstyr som døralarmar, røyrslealarmar osv. Dette kan gjere til at eldre personar i kommunen kan bu lengre heime.

Dei nye omsorgsbustadane vil bli tilrettelagt for bruk av velferdsteknologi og Nissedal Omsorgssenter bør og skifte ut sitt enkle signalanlegget med eit moderne anlegg med moglegheit for velferdsteknologi og adgangskontroll, slik nabokommunane har gjort. Vi er med i eit prosjekt der vi skal samarbeide om innføring av Velferdsteknologi i Vest-Telemark kommunane. Vi har bunde oss gjennom samarbeidet i Vest-Telemark å ta i bruk elektroniske medisindispensere, Gps, digitalt tilsyn osv, og har og fått ei leverandøravtale på medisindispenserar gjennom denne avtala. Vi har 9 tilsette som i løpet av 2019 og 2020 har gjennomført Velferdsteknologiens ABC, slik at vi er betre rusta og forberedt til å starte opp med teknologien, samt kartlegge kva som kan være lurt å byrje med i kommunen av løysningar. Erfaring frå samarbeid ifht Responssentertjenester i Kristiansand, der over 20 kommunar samarbeider om velferdsteknologi og mottak av alarmar, er at innføring av velferdsteknologi er ei teneste som vil koste ein del i oppstarten og dei første åra, før det vil gi positive resultat i form av innsparingar og reduserte kostnader. Vest-Telemark rådet har på vegne av kommunane i Vest-Telemark, søkt om økonomiske midlar til prosjekt i kommunane. Vi har difor fått nokre midlar til kvar kommune i 2019 ca kr. 100.000,- vi kan bruke til personalkostnader ifbm prosjekt i kommunen. Vi får og midlar til dette i 2020 Kr. 150.000,- som ein har tenkt å bruke på ein 40% stilling ut året 2020. Vidare i 2021 må ein satse på ein like stor ressurs for at vi skal kome godt igang med teknologien.

Kor mykje av kostnader som vil komme på 2021 er usikkert, men vil være avhengig av kva behovet er og vi får ikkje meir støtte til velferdsteknologi i 2021, slik det nå ser ut.

Kostnad for 2021:

Kr. 150.000,- i utstyr

Kr. 100.000,- i reduserte inntekter på tryggleiksalarmer i 2021 -->

Kr. 225.000,- i viderareføring 40% stilling velferdsteknologi 2021 -->

Kr. 475.000,-

Ventilasjonsanlegg/klimaanlegg NOS - Langtidsavdeling/kjøkken:

Gamle delen av omsorgsbygget (Dvs. alt utanåt skjerma avdeling) har problem med inneklime pga. av dårleg fungerande/-ikkje fungerande ventilasjons/klimaanlegg. Det har vore investert i straktiltak med gjennomgang frå eit ventilasjonsfirma som avdekkja feil med styringa på anlegget. Varmeelementa har stått på i tide og utide og om sommaren når det var varmt, slik at pleiarane til tider har jobba under særsl dårleg inneklime i fleire år. Ventilasjonsfirmaet konkluderte med at ventilasjonsanlegget er gammalt og modent for utskifting. (Levealder på slike anlegg er ca 25 år) Dei har fått eit betre styringssystem på plass, slik at anlegget nå fungerer betre. Treng likevel ein del innjusteringar framover. Dersom ventilasjonsanlegget nå fungerer betre og at arbeidsforholda vert betre, har ein kanskje kjøpt seg litt tid til å sette av midlar for å ta kostnaden med å bytte ventilasjonsanlegget om 2-3 år i staden for eit straktiltak neste år. Vi registrerar temperaturar framover for å dokumentere korleis ventilasjonsanlegget fungerer gjennom vintaren og neste sommar.

Kostnad i 2021 : Uvisst

Innføring av nytt kvalitets- og avvikshåndteringssystem - Compilo:

Det skal innførast nytt kvalitets- og avvikshåndteringssystem (Compilo). For at dette skal bli ei vellykka innføring/implementering, er det viktig å sette av midlar til opplæring.

Erfaring viser at det er frå pleie- og omsorgsavdelingane det vert produsert flest avvik.

Det er viktig og nødvendig at avvika her kjem fram, for igjen å kunne skape kvalitet og forsvarlege tenester. Skal vi få tilsette til å bruke det nye kvalitets- og avvikssystemet, må vi sørge for god opplæring og systemet må tilpassast den våre behov.

Det er viktig å sette av midlar til denne opplæringa, slik at vi får rask og riktig bruk av dette nye programmet.

Kostnad: Uvisst

Digihelse:

Digihelse er eit kommunikasjonsverktøy som gjer at pasientar og/eller pårørande kan ha ein digital kommunikasjon med omsorgstenesta gjennom Helse.Norge plattformen og direkte til pasientjournalssystemet til Omsorgsavdelinga. Her kan dei følge med på t.d. om far eller mor har fått besøk av heimetenesta, på kva tidspunkt og kven som har vore der og plan for framtidige besøk. I tillegg kan pasient og/eller pårørande melde beskjedar gjennom same systemet, avlyse besøk og få svar frå omsorgstenesta. Det er planlagt at Vest – Telemarks rådet står som innkjøper av systemet for alle 6 kommunane, slik at innkjøpet av verktøyet vert billegare for alle kommunane. Forutsetninga er at alle kommunane blir med.

Resultatmål

For brukarar/pårørande

- Direkte kontakt med heimetenesta, uavhengig av tid på døgnet
- Historikk/dokumentasjon på kontakt med heimetenesta
- Oversikt over planlagde besøk
- Avlysing av planlagde besøk
- Varsel til pårørande om utførte besøk

For heimetenesta

- Mindre tid i telefonen
- Høve til kontakt med brukarar/pårørande via digitale meldingar
- Betre høve til å kvalitetssikre informasjon
- Sikker og dokumentert kommunikasjon
- Færre bomturar

Kostnadane vert for Nissedal:

Etableringskostnadar var budsjettert i 2020.Kostnadar pr. år f.o.m år 2. Kr. 18.000,-

Nattevaktsteneste heimesjukepleia:

Heimesjukepleia har inga dedikert nattevaktteneste til brukarar/pasientar ute om natta. Oppdrag her kan være utrykning til utløst tryggleiksalarm, legge seg til seinare tidspunkt enn før kl. 21, følgje til toalettbesøk om natta osv. Pr. i dag er det berre 2 nattevaktar på NOS. Dersom tryggleiksalarmen utløysast må ein av dei 2 rykke ut på denne alarmen. Då er det berre ein tilsett igjen på NOS. Den eine tilsette har ansvar for brannsikkerheita, halde oversikt på alle pasientane slik at dei ikkje kjem seg ut av NOS og har ansvar for all pleia til mange gongar svært dårlege pasientar. Den tilsette som rykkar ut, kan i nokre tilfelle være borte i fleire timar dersom oppdraget er i utkantane, t.d. på Felle eller Fjone. Vi kjem til å kjøre ROS analyser på hendelsar som kan oppstå på natt, og korleis risikoen aukar dersom det berre er ein tilsett igjen på NOS. Det kjem ikkje til å bli grønne verdiar her.

Vi trenger å auke bemanninga med 1 fagarbeidar i heimesjukepleia på natt, slik at det alltid er minst 2 tilsette på jobb på NOS. Dette for å ivareta brannsikkerheita og pasientsikkerheita.

Kostnad: ca. kr. 1.200.000,-

Ombygging/utbygging av institusjonskjøkken og vaskeri:

Det vart planlagt å flytte vaskeriet på NOS i løpet av 2020, frå eksisterande plassering, til pauserom/kontor i same etasje. Dette for å få eit større og meir funksjonelt vaskeri, men og for å få eit betre arbeidsmiljø, samt kunne overhalde dagens krav til smittevernreglar med reine og ureine sonar. Etter at Covid -19 har kome til landet og ein har sett på smittevernrutinene som har vore gjeldande, er det ikkje berre vaskeriet som ikkje held mål ifht smittevern. Institusjonskjøkkenet er etablert i 1. etasje, medan mesteparten av kjøle/frys/lager ligg i underetasjen. Dette medfører at all maten og personell forflyttar seg mellom etasjane fleire gonger dagleg, samtidig som at det er heisen som brukast i forflyttinga. Heisen er berekna for person og varetransport og skapar store moglegheit for smittelekkasjar ved smitteutbrot. Dette har vore påpeika før, men den strenge handteringa av smitteverntiltak som nå er nødvendig, så ser ein svakheitene endå betre. Istaden for å flytte vaskeriet, bør ein bygge ut vaskeriet der det ligg ved å utvide underetasjen mot nord. Samstundes kan ein då utvide kjøkkenet, slik at lager og kjølfrys, garderobe og varelevering ligg i same etasje.

Kostnad: Ukjent

Nytt sjuke-signalanlegg/pasientvarslingssystem NOS m/adgangskontroll:

Sjuke-signalanlegget er modent for fornying og må erstattast av eit nytt og betre system. Ein treng å følge med i tida og må få tilleggsfunksjonar slik at velferdsteknologi og kan brukast på inne på institusjon. Her har ein allereie prøvd ut litt forskjellig på skjerma avdeling som ikkje har eige sjuke-signalanlegg, ved å utnytte dagens digitale trygghetsalarmar på ein kreativ måte. Døralarmar og tråkkematte er utprøvde tiltak, som ein har sett gjer gode effektar her. Ved å ha fleire avanserte funksjonar, kan ein auke sikkerheita til pasientane ved at ein kan få varslar før hendingar skjer, alle kan få tilpassa ein måte å få varsle om hjelp på osv. I tillegg vil ein satse på adgangskontroll system, som sikrar pasientane mot uønska besøk frå medpasientar og gjere det sikrare for pasientar som ønskjar å ha privatliv slik stort sett alle ønskjar. Adgangskontrollsystemet vil og gjelde tilsette som kan låse seg ut og inn av institusjonen med kort eller elektroniske nøklar tilpassa deira funksjon og med logg-system. I dag har tilsette som jobbar større stillingar, egne nøklar til dette føremålet, noko som ikkje alltid fungerer pga slitte nøklar, samt at så mange nøklar i sirkulasjon, gjer moglegheiter for nøklar på avveger. Nytt pasientvarslingssystem vil og kunne brukast i dei 5 nye omsorgsbustadane, der vi har eit krav om etablering av moderne system for varsling.

Kostnad:	Kr. 750.000,-
Støtte frå husbanken 55%	- <u>Kr. 410.000,-</u>
Sum investering	<u>Kr. 340.000,-</u>

I tillegg vil det kome lisenskostnadar.

2.4 Eining for teknisk drift

Generelt vedlikehald kommunale bygg:

Bygningsvedlikehaldet er mye mindre enn slitasjen på bygga. Dette inneber ei verdiforringing av bygningsmassa. Det er blant anna eit stort etterslep på måling av kommunale bygg og dagens driftsbudsjett er så lågt at ein berre kan prioritere vedlikehald av det som absolutt må gjerast. Det bør leggest inn ein auke med kr 500.000 pr. år til generelt vedlikehald.

Kommunehuset.

Ny ventilasjon m/kjøling i heile i kommunehuset kr 2.000.000.

Nye persienner på hele veggen mot banken kr 150 000. , men her vil det bli ekstra kostnader for byting av dårlig kledning og vinduer på kr 500 000.

Nissedal omsorgssenter:

Bør skifte ut el.tavle til ventilasjonsanlegg kr 300.000,-

Nye vindauge i Lok-stallen (PIPO):

kr 600.000,-

Kommunale vegar:

Det blei i 2017 utført sikkerheitskontroll av alle bruer på kommunale vegar. Kontrollen avdekket erosjonsskadar på stålrør og betongfundamenter, samt at svært mange rekkverk ikkje oppfyller krav til trafikktryggleik. Kan utbetrast etappevis, men 4 bruer har skadar som det blir tilrådd utbetring snarast råd. Kostnad kr.800.000,-

Asfaltering:

I 2016 og 2017 blei det bruka betydeleg midlar på asfaltering av kommunale vegar. Etter budsjett 2018 er det kunn Skålivegen som har grusdekke. Ut i frå vedlikehaldskostnad og komfort er det ynskeleg å legge asfalt også her. kr. 1.000.000,-

6-hjuling til brannvesen og VA

I dag har kommunen avtale med Røde Kors for lån av 6-hjuling. Ein ser at behovet for å ha dette sjølv aukar i samband med at ein har eit ledningsanlegg som ligg i mykje ulendt terreng og at ein av dei oppgåvene som aukar hos brann er bistand helse for å hente ut personer som har skada seg utendørs. I tillegg har ein base for både driftsovervaking og nødnett på Skuggenatten, ein har ved fleire tilfelle sett at desse dett ut og ein må opp å restarte/bytte sikrignar. Ein 6-hjuling vil koste omlag kr 300.000 inkl. hengar.

Ny traktor:

Det ble i 2019 sett på kostnadane ved å sette bort resten av brøytinga som kommunen sjølv har ansvar for. Konklusjonen er at dette var så dyrt at det ikkje ville vere lønnsomt. Dette resulterer i at ein nå bør investere i ny traktor om ein skal klare å oppretthalde dette sjølv. Kostnad; 800.000,-

Søppelbod ved Tveit småskule:

Det blei hausten 2019 løyva Kr. 70.000 inkl. mva. til søppelbod ved Tveit småskule. Dette arbeide kunne ikkje startes pga. sno og kaldt vær. Ved bygging av ny søppelbod nærme vegen vil IATA kunne hente søppla utan hjelp frå teknisk. Kostanden er fortsatt for venta å koste kr. 70.000 inkl. mva.

Nytt gjerde i Felle barnehage:

Felle barnehage treng nytt flettverksgjerde. Nåverande gjerde er knekt, rusta og ungane kan krabbe ut under gjerde. Det er forsøkt reparert fleire gonger. Nytt gjerde vil koste kr 125.000 inkl. mva.

Avvik etter tilsyn frå det lokale el-tilsynet

Lukke avvik etter el-tilsyn. Det er krav til internkontroll av elektriske anlegg i kommunale bygg, noko kommunen ikkje har på noen av sine bygg. Samt at det er ein rekke feil som har kome fram under tilsyn og som ein treng elektrikar til. Kommunen må utbetre avvika. Ukjent kostnad.

Robot-grasklipparar

Eininga nyttar svært masse tid i sumarhalvåret på å klippe plenar. Det er fleire store areal kor ein kunne nytta robot grasklipperar slik at ein kunne nytta personell på teknisk til å gjennomføre andre vedlikehaldsoppgåver på til dømes kommunale bygg. Innkjøp av slike klipperar vil ligge på omlag kr 50.000.